



Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

**Referanser:**

Dykkar:  
Vår: 14/1401 - 18/7670

**Saksbehandlar:**

Gjertrud Karevoll  
gjertrud.karevoll@vaksdal.kommune.no

**Dato:**

19.10.2018

## Arealdel av kommuneplan (KPA) til offentlig høyring

Vaksdal kommune, formannskap/planutval, vedtok den 15. oktober 2018 framlegg til kommuneplanen sin arealdel til offentlig høyring.

Link til plandokumentet; <https://vaksdal.custompublish.com/kunngjering-arealdelen-av-kommuneplanen-til-offentleg-hoeyring.6159304-342798.html>

Arbeidet med rullering/revisjon av kommuneplanen vart starta i 2015, med hovudfokus på utvikling i folketal, bustader, næring og samferdsel. Samfunnsdelen vart vedtatt i kommunestyret 2017. Arealdelen av kommuneplanen skal fastsetje hovudtrekka for korleis areala skal brukast og vernast, og kva viktige omsyn som må vurderast ved disponering av areala og korleis areala samla sett skal disponerast for å nå måla for samfunnsutviklinga.

Dei største forventningane til framtida er knytt til planlegging av nye trasèar for E16 og dobbeltspora jernbane Voss-Arna. Det har vore viktig for kommunen å utvikle ein strategi for stasjonsbyane. I dette arbeidet har det vore mange møter med Fylkesmannen, Hordaland fylkeskommune og Fellesprosjektet for statleg plan. For dei andre delane av kommunen er det lagt ein annan strategi, med tanke på bygdeutvikling. Det er særleg småskala reiselivsutvikling knytt til natur, opplevingar og fritidsbustader som har vist seg å vere ei ønska utvikling.

Med utgangspunkt i kommuneplanen frå 2007 er no dette forslaget til ny arealdel (KPA) utvikla med bakgrunn i planprogram, ny samfunnsdel, mottatte innspel og utgreiingar som har vore del av planarbeidet.

Planforslaget (tema eller heile) har vore førelagt formannskap/planutval, kommunestyre og regionalt planform i fleire omgangar. I tillegg har det vore særskilte møte med Hordaland fylkeskommune (Hfk) og Fylkesmannen (FM) i høve grensesnitt mellom Kommuneplanens Arealdel (etter dette KPA) og pågåande områdeplanarbeid i stasjonsbyane Vaksdal og Stanghelle. Vidare har administrasjonen vore i møte med prosjektleiinga for ny E16/jernbane (K5) for å drøfte grensesnitt mellom KPA og statleg plan, samt korleis handtere massedeponi i KPA.

Kommunen gjer merksam på at omsynssoner for kulturminne er eit påbegynt arbeid, som vert slutført i høyringsperioden. Utvalet av kulturminner som får omsynssone er henta frå kommunen sin kulturminneplan 2015-2018.

**Post**

post@vaksdal.kommune.no  
Konsul Jebsensgt. 16, 5722 Dalekvam

**Kontakt**

www.vaksdal.kommune.no  
Telefon +47 56 59 44 00  
Telefaks +47 56 59 44 01

Konto  
Org.nr. 961 821 967



I planforslaget er areal for akvakulturanlegget ved Sandvik tatt ut (lokalitet 28416). Dette plangrepet er politisk sterkt forankra, og einstemmig frå formannskap/planutval. Lokalitetane er i dag brakklagt, grunna miljøomsyn, jamfør vedtak frå Fiskeridirektoratet 11.mars 2018.

**Høyringsfrist er 20. desember 2018, til [postmottak@vaksdal.kommune.no](mailto:postmottak@vaksdal.kommune.no)**

Plandokumenta er digitalt tunge, og me ber om at etatane sjølv lastar ned dokumenta frå vedlagt link.

Med helsing

Gjertrud Karevoll  
Kommuneplanleggjar

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen underskrift.*

**Mottakarar:**

Bane Nor Sf	Postboks 4350	2308	HAMAR
Bergen kommune	Postboks 7700	5020	BERGEN
Bergen og Omland Friluftsråd	Hellebakken 45	5039	BERGEN
Bir AS	Postboks 6004	5892	BERGEN
Bkk AS	Postboks 7050	5020	BERGEN
Direktoratet For Mineralforvaltning Med Bergmesteren For Svalbard	Postboks 3021 Lade	7441	TRONDHEIM
Fiskeridirektoratet Region Vest	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	BERGEN
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Kvam herad	Grovagjelet 16	5600	NORHEIMSUND
Kystverket	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
Mattilsynet	Felles postmottak Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL
Modalen kommune	Postboks 44	5732	
Naturvernforbundet Hordaland	Jakobsfjorden 4. etg. Bryggen 23	5003	BERGEN
NVE Region Vest	Postboks 53	6801	FØRDE
Osterøy kommune	RÅDHUSET	5282	LONEVÅG
Samnanger kommune	Tyssevegen 217	5650	TYSSE
Sentraladministrasjon			
Statens vegvesen region Vest Leikanger	Askedalen 4	6863	LEIKANGER
Kontorsted			
Vik kommune	Postboks 134	6891	VIK I SOGN

**Mottakarar:**  
Voss kommune

Postboks 145

5701

VOSS